



Rundt juletider hadde uskedalen.no serien *Doktor Haugen slik du minnest han*. Etter god respons frå lesarar i heile Kvinnherad, vart det ein kjempesuksess blant dei lesarane som hugsar den legedariske distriktslækjaren. Serien vart avslutta etter at 35 gode Haugen-historiar var publisert.

Også etter at serien vart avslutta, har det sige inn med gode soger om korleis folk minnest denne fargerike mannen. Seinast for eit par dagar sidan fekk vi ei knallgod historie. No er talet passert 55, og dei er arkivert med tanke om at materialet kan verta publisert seinare i ei eller anna form. Derfor oppfordrar vi framleis lesarar som har historiar om dr. Haugen om å senda dei til oss.

De kan senda historiane skriftleg til thordossland@gmail.com eller de kan ringa Thor Inge på **932 88 237** og fortelja dei. Då vil dei bli notert ned.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto frå Kvinnhersminne 2003